



Ål kommune

Saksframlegg

Arkivreferanse: 2021/4326-1

Saksbehandler: Staffan Landsmann-Wiwe

Side 1 av 2

Saksgang

Saksnr.	Utval	Møtedato
31/21	Næringsstyret	21.05.2021
39/21	Kommunestyret	17.06.2021

Strategisk næringsplan 2021 - 2024 - Vedtak

Rådmannen si innstilling

Ål kommunestyre vedtak «Strategisk næringsplan for Ål kommune 2021 – 2024 med tilhørende retningslinjer for næringstilskot».

Saka vert avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg

- 1 Strategisk næringsplan for Ål kommune 2021-2024
- 2 Retningslinjer for næringstilskot for Ål kommune 2021-2024
- 3 Saksprotokoll med næringsstyret sitt vedtak 21.05.21, sak 31/21

Dokument i saka:

Innspel frå

- Ål utvikling AS
- Vegard Ødegard

Strategisk næringsplan 2021 – 2024

Retningslinjer for næringstilskot

Ungdommens distriktspanel - rapport

Saksopplysningar:

«Strategisk næringsplan 2021 – 2024 med tilhørende retningslinjer for næringstilskot» blei lagt ut på høyring den 28. april 2021. Ved fristens utløp var det kome to innspel:

Vegard Ødegard skriver:

«På den workshopen jeg deltok på ble Sundre som handelssentrum behørig diskutert. Jeg spiller derfor inn følgende forslag til et ekstra punkt i SNP:

"Bevare og styrke Sundre som handelssentrum i Ål med enkel og effektiv adkomst for både fastbuande, hyttefolk og turistar."»

Ål utvikling AS skriv:

«Minner samtidig på at gjennom vedtak i kommunestyret av Handlingsplan for berekraftig reiselivsutvikling Hallingdal har kommunen forplikta seg til å: (utdrag frå

handlingsplanen) "beskrive Berekraftig reiseliv i eigne planar og/eller strategiar for å sikre framtidig ressursforvaltning og verdiskaping."

For å bli godkjent som berekraftig reisemål må dette vere beskrive i kommunale planar og/eller strategiar. For fase 1 no har me fått betinga godkjenning (då berekraftig reiseliv ikkje er tydeleg nok beskrive i dagens plan) på dette punktet fram til me skal godkjennast i oktober neste år.« Sjå vedlegg for sjølve innspela frå Ål utvikling AS.

Det er to tidsaktuelle rapporter som blir aktualisert i strategien:

- Demografiutvalget
- Ungdommens distriktspanel.

I tillegg jobbar Regionrådet med Strategisk plan Hallingdal 2021 – 2024.

Forhold til overordna plan:

Strategisk næringsplan 2017 - 2020

Miljøkonsekvenser:

Berekraftsbegrepa har fått større plass i planen.

Helse-/miljø og beredskapstilhøve:

Ikkje vurdert

Økonomiske konsekvensar:

Ingen

Vurdering:

Rådmann meiner at høyringsinnspela bør få ein plass i strategien. Nokre i redigert form. I det omfang innspela er tekne med får dei følgjande fargekode:

- Vegard Ødegard sitt innspel om handel er med grønt teke med i kapitlet «Profil, omdømme og lokal produksjon». Handel var ikkje nemnt i høyringsutkastet.
- Innspel frå Ål utvikling AS er lagt inn med gult på fleire plasser i dokumentet. Nokre stader forkorta i høve til innspelet. FNs berekraftsmål har dermed fått ein tydeligare plass i strategien.
- Med raudt er det merknadar som viser til Ungdommens distriktspanel.

Underskrift

Karsten Dideriksen
rådmann

Reidun Aaker
kommunalsjef drift og utvikling

Saksprotokoll

Strategisk næringsplan 2021 - 2024, høringsinnspill

Arkivsak-dok.	20/00207
Saksbehandler	Staffan Landsmann-Wiwe

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Næringsstyret	21.05.2021	31/21

Rådmannen si innstilling:

Ål kommunestyre vedtak «Strategisk næringsplan for Ål kommune 2021 – 2024 med tilhørende retningslinjer for næringstilskot».

Næringsstyret har behandla saka i møte 21.05.2021 sak 31/21

Behandling

Saka vart diskutert og planen vart gjennomgått med mindre endringar.

Votering

Næringsstyret vorte samrøystes.

Vedtak

Næringsstyret innstiller til Ål kommunestyre å vedta «Strategisk næringsplan for Ål kommune 2021 – 2024 med tilhørende retningslinjer for næringstilskot».

Strategisk næringsplan for Ål kommune 2021-2024



STRATEGISK NÆRINGSPLAN FOR ÅL 2021-2024

Kva er Strategisk næringsplan for Ål kommune?



- Strategisk næringsplan (SNP) skal vere eit styringsverktøy for ein heilskapleg næringspolitikk.
- Planen skal vere retningsgjevande for prioriteringane kommunen og næringsstyret gjer i planperioden.
- Planen skal vera eit insentiv for utvikling, nyskaping og bruk av ny teknologi.
- Ål kommune legg FNs berekraftsmål til grunn ved utvikling av ny strategisk næringsplan. Planen vil bli rullert kvart fjerde år.

Overordna mål:

- Sikre og trygge eksisterande arbeidsplassar.
- Bidra til å skape fleire arbeidsplassar i Ål og Hallingdal.

Ål kommune som næringsutviklar



Kommunen ynskjer å stimulere prosjekt og tiltak som har forankring i eit utviklingsorientert og berekraftig næringsliv, og fremje samarbeid mellom offentlege og private aktørar.

Ål vil **legge til rette** for næringsutvikling. Dette vert gjort gjennom rådgjeving, planarbeid, politisk arbeid, god sakshandsaming og kommunale investeringar.

Ål vil vere ein **samarbeidspartnar** og ta initiativ til møteplassar mellom fleire aktørar både innan offentleg og privat verksemd. Me vil tilby rådgjeving og rettleiing for den enkelte næringsaktør.

Ål vil vere ein **støttespelar** for næringsaktørar, mellom anna ved å

- gje råd og gje innblikk i det offentlege apparatet
- tilby økonomiske støtteordningar
- syne til eksisterande kanalar for rekruttering

STRATEGISK NÆRINGSPLAN FOR ÅL 2021-2024

For å nå måla legg me vekt på:

Arbeidsplassar



Eit absolutt mål for Ål kommune er at alt næringsutviklingsarbeid skal trygge eksisterande- og/eller skape nye arbeidsplassar. Ål kommune vil at det skal vere tilgang på den kompetansen bedriftene i kommunen/Hallingdal til ei kvar tid har behov for.

Ein god måte å oppnå dette på er å satse på lærlingar. Kommunen vil stimulere bedriftene til å tilby lærlingplassar. Ål kommune tek også sjølv ansvar som lærlingbedrift. Ål kommune skal stimulere skulane til å bruke Ungt Entreprenørskap som ein læringsarena for mellom anna å styrke kontakten mellom skule og lokalt næringsliv. Slike satsingsområde tilsvare også ynskja til Ungdommens distriktspanel[2021]: «Vi får tilgang til jobbfellesskap, arbeidserfaring og varierte arbeidsplassar».

Demografiutvalet viser at tilrettelegging for eit meir allsidig og breiare arbeidsliv er ein viktig nøkkel til folketalsauke i distrikt som våre. Mange av innflyttarane til Hallingdal kjem frå andre land. Difor vil næringsplanen i Ål også legge vekt på tiltak som styrkar integrering og som inkluderer nye ålingar frå inn- og utland.

I arbeidet med sertifisering som berekraftig reisemål er Ål kommune ein viktig aktør der eit av tiltaka er å skapa fleire heilårlege arbeidsplassar.

Ål kommune vil oppmuntre næringsaktørar til å ta i bruk ny teknologi, til effektivisering og nyskaping, der det er naturleg.

Rekruttering



Ål kommune ynskjer at utflytta hallingar skal oppleve at Hallingdal er ein aktuell plass å etablere seg. Me ynskjer difor å danne eit tettare samarbeid med både ungdomsskulen og vidaregåande skular slik at avgangselevar veit om tilboda som finst i både privat og offentleg sektor i Hallingdal.

I arbeidet med rekruttering er det viktig at nettportalen www.jobbiHallingdal.no blir kjent. Det er dessutan viktig å legge til rette for livsstilsval, som opnar for meir hyttekontor, kontorfellesskap, sommarjobb for ungdom og arbeidsplassar for yngre menneske.

Ål vil ta ei aktiv rolle i å jobbe for fleire desentraliserte utdanningstilbod i Hallingdal, både på fagskule- og høgskulenivå.

Demografiutvalget og Ungdommens distriktspanel peiker begge på at lokalsamfunnet må gjera seg attraktive og kunne tilby varierte bustader.

Prøvebustader, bustad- og næringstomter, er difor viktig i tilflyttings- og rekrutteringsarbeid.

Profil, omdømme og lokalproduksjon



Ål kommune har fleire merkenamn, arrangement og bedrifter som er med på å gi kommunen ein positiv identitet. Ål kommune vil stimulere til at gode historier knytt til denne identiteten vert brukte til å styrke næringslivet.

Ål kommune har eit mangfald i arbeidsplassar mellom anna innan bygg og anlegg, industri, landbruk, reiseliv, handel, helse, kultur og kreative næringer.


Kommunen har mange handverkarar innan ulike fagfelt, og det er stadig nye gründerar som satsar. Våre mange kontorfellesskap legg til rette for tilflytting, samskaping, trivsel og nyskaping.

Ål kommune vil stimulere til og delta i initiativ og løysingar som bidreg til eit større tilbod av lokale varer og tenester og til å styrke Sundre som handelssentrum.

Ål kommune samarbeider med reiselivet om å sertifisere Ål som eit berekraftig reisemål og forpliktar oss til å tenkje berekraft i utviklinga av lokalsamfunnet.¹

GRAFISK FRAMSTILLING AV NÆRINGSLIVET PÅ ÅL (SSB – kommunefakta)


Antall sysselsatte i utvalgte næringer. 2019. Valgt region



¹ Ei berekraftig utvikling tilfredsstiller dagens behov utan å øydelegge for framtidige generasjonar sine moglegheiter. Ei berekraftig forvaltning må baserast på ein balanse mellom sosial og økonomisk utvikling, natur og kulturmiljø.

STRATEGISK NÆRINGSPLAN FOR ÅL 2021-2024

Antall sysselsatte i utvalgte næringer. Valgt region



Nærings samarbeid lokalt og regionalt

- Ål kommune skal jobbe for å gjennomføre felles mål i strategisk plan for Hallingdal.
- Hallingdal ein av dei største reiselivregionane i landet. Målet er å oppnå status som berekraftig reisemål i løpet av 2022.
- Ål kommune skal jobbe overfor sentrale styresmakter for å sikre best mogelege vilkår for næringslivet.
- Ål kommune vil også vera ein lokal nettverksbyggjar som kan kople aktørar innan både private og offentlege verksemdar med kvarandre.

Ål kommune som næringsutviklar – del 2

- Lokalt næringsliv og regionale, fylkeskommunale og statlege planverk legg føringar og er premissleverandørar for Strategisk næringsplan (SNP) i Ål kommune.
- Kommunen vil gje næringsdrivande rettleiing og rask avklaring om naudsynte godkjenningar når dei vil utvikle og/eller starte ny verksemd.
- Ål kommune sin innkjøpsstrategi skal, innanfor rammene som regelverket gir, leggje til rette for deltaking frå og rettleiing for lokalt næringsliv.
- Ål kommunestyre vedtek årleg kor stor del av kraftinntektene som skal nyttast til næringsutvikling. Kommunestyret godkjenner i samband med rullering av Strategisk næringsplan også retningsliner for næringstilskot.
- Ål kommune skal ha eit utval som handsamar tilskot til næringsutvikling, både frå næringsfond og andre fond. Næringsstyret er i perioden 2021-2024 sett saman av tre representantar frå næringslivet i Ål og to politisk valde representantar.

STRATEGISK NÆRINGSPLAN FOR ÅL 2021-2024

Viktige samarbeidspartar i næringsutviklingsarbeid for Ål kommune:

- Næringslivet i Ål
- Lag og organisasjonar i Ål (arrangementsforum)
- Ål Utvikling AS
- Ål og Gol vidaregåande skular
- Lærlingbedrifter
- Næringsforum Hallingdal
- Hallingdal Etablerersenter
- Hallingdal Næringshage
- Regionrådet for Hallingdal
- Viken fylkeskommune
- Innovasjon Norge
- Universitetet i Sørøst-Norge, USN
- Landbruks- og miljøavdelinga hjå Statsforvaltaren

Næringsstyret (2021-2024) har hatt ansvar for arbeidet med rullering av Strategisk næringsplan:

Desse har delteke i arbeidet:

Solveig Vestenfor (Ap), ordførar og leiar

Anne Vetteren Grøthe (Sp), kommunestyremedlem

Espen Jakobsen, representant frå næringslivet

Morten Gjeldokk, representant frå næringslivet

Kristian Kvistad Holm, representant frå næringslivet

Karsten Dideriksen, rådmann

Staffan Landsmann-Wiwe, næringsutviklar

Tor Olav Tveito, vararepresentant frå kommunestyret

Det har vore gjennomført tre arbeids/innspeismøte med over femti næringsaktørar frå ulike næringar. Planen har også vore ute på offentleg høyring. Næringsstyret takkar alle partar som har medverka og kome med innspel undervegs i arbeidet.

STRATEGISK NÆRINGSPLAN FOR ÅL 2021-2024

Kommuneplan for Ål

Strategisk næringsplan byggjer på kommuneplanen for perioden 2015-2027. Pkt. 4.6 i kommuneplanen omhandlar næringsutvikling:

«Overordna mål for næringsutviklinga er å utvikle Ål sine fortrinn, styrke eksisterande næringsliv og bidra til at det vert skapt nye arbeidsplassar.

Ål vil:

1. Stimulere til eit næringsliv som gjev auka verdiskaping, nyskaping og produktivitet.
2. Næringslivet skal produsere og vidareforedle varer og tenester av høg kvalitet.
3. Yte offentlege tenester som næringslivet er nøgd med: rask sakshandsaming, god rådgjeving og informasjon, realistiske krav og forventningar m.m.
4. Stimulere til gründerskap og vidareutvikling av eksisterande bedrifter ved bruk av næringstilskot.
5. Leggje til rette for å styrke utviklingsevna hjå næringsliv, politikarar og administrasjon.
6. Stimulere til at næringslivet kan tileigne seg naudsynt og relevant kompetanse.
7. Ta initiativ til og støtte samarbeid og nettverksbygging mellom næringslivet og det offentlege.
8. Legge til rette for at det til ei kvar tid er ledig og tilrettelagt næringsareal.
9. Stimulere til auka bruk av lokalt næringsliv både frå innbyggjarane, hyttefolk og andre tilreisande.
10. Vera med å vidareutvikle Ål som arrangementskommune.
11. Støtte og vidareutvikle regionale fellestiltak.»

Retningslinjer for næringstilskot 2021-2024

Ål kommune



.....	1
1. Innleiing	3
2. Fond og andre løyvingar til næringsformål.....	3
3. Retningsliner for bruk av midlar frå tilskotsdelen av næringsfondet og jordbruksfondet	4
4. Arrangementsfondet.....	5
5. Felles retningsliner	6

1. Innleiing

1.1 Føremål

For å skape ei positiv næringsutvikling i kommunen, ønskjer Ål kommune å stimulere til samarbeid om prosjekt og tiltak som fremjer eit utviklingsorientert næringsliv og mellom offentlege og private aktørar.

Det skal etablerast lønsame arbeidsplassar, og verdiskapinga skal aukast ved at Ål og regionen får ein meir robust og breiare næringsstruktur.



2. Fond og andre løyvingar til næringsformål

2.1 Tilskotsdelen av næringsfondet

Avsetjinga skal vera øyremerkt tilskot til næringsutvikling, både investeringar og prosjekt, som styrker eksisterande næring eller gir grunnlag for nye arbeidsplassar.

Tilskotsdelen kan også nyttast til fellesprosjekt som fremjar utvikling for Ål-samfunnet.

2.2 Jordbruksfondet

Avsetjinga skal vera øyremerkt tilskot til landbruksnæringa, og til fellestiltak som har til føremål å fremja landbruket i Ål.

2.3 Arrangementsfondet

Arrangementsfondet i Ål kommune skal nyttast til stimulering og utvikling av nye og eksisterande arrangement.

3. Retningslinjer for bruk av midlar frå tilskotsdelen av næringsfondet og jordbruksfondet

3.1 Søknad

Søknader blir fortløpande handsama av næringsutviklar og Næringsstyret fortløpande.

3.2 Stønadsvilkår.

1. Tiltak/prosjekt som søker om finansiering frå næringsfondet, kan ikkje allereie vera starta når søknaden er sendt inn, med mindre anna er avtala med næringsutviklar/rådmann.
2. Det blir ikkje gjeve tilskot til investering i lett omsetbare produksjonsmidlar, driftsmidlar eller næringsbygg til utleigeverksemd.
3. Det blir ikkje gjeve lån eller tilskot til sanering av gjeld.
4. Ved handsaming av søknader om tilskot frå næringsfondet, skal ein ta omsyn til om søkeren har søkt om/ fått andre offentlege tilskot til føremålet (til dømes frå Innovasjon Norge). Næringsfondet skal ikkje erstatte annan ekstern finansiering.
5. EØS-reglane må fyljast.
6. Søkjaren skal nytte kommunen sitt søknadsskjema. Ved underskrift på dette bind søkeren seg til å godta føresetnadene for eit eventuelt tilskot.
7. Dersom søkeren gjev feil opplysningar, føresetnadene blir endra, eller bedrifta blir selt/lagt ned/flytta innan 3 år etter at tilskotet er utbetalt, kan kommunen krevja pengane attende.
8. Midlar løyvd til prosjekt som ikkje er sluttrapportert innan 3 år frå vedtaksdato, blir ført attende til næringsfondet.

3.3 Leiing - delegering - avgjerdsmynde.

Rådmannen avgjer søknader med søknadssum inntil kr 70 000.

Næringsstyret avgjer søknader med søknadssum inntil kr 500 000.

Større søknader blir avgjort av kommunestyret, etter innstilling frå næringsstyret.

Minimum kr 140 000 (skal øyremerkast) til landbruksføremaal kvart år.

4. Arrangementsfondet

4.1 Søknad

Søkjaren skal bruke utarbeidd søknadsskjema. Ved underskrift på dette bind søkjaren seg til å godta føresetnadene for eit eventuelt tilskot. Tilleggsopplysningar kan søkjaren kome med i eige vedlegg.

Søknadsfristen for arrangementstilskot er 1. desember året før arrangementet skal bli gjennomført.

4.2 Kven kan søkje tilskot?

Organisasjonar, institusjonar, personar og bedrifter i Ål kommune kan få tilskot til å utvikle og realisere arrangement.

Det blir ikkje gjeve tilskot til lands- og fylkesorganisasjonar.

Arrangement som primært har som oppgåve å ta vare på medlemene sine yrkes- og/eller økonomiske interesser, og organisasjonar som ikkje er opne for alle, kan ikkje rekne med å få tilskot.

4.3 Stønadsvilkår

- Tilskot kan løyvast til lokale arrangement.
- Eksterne arrangørar som samarbeider med lokale kan søke.

Ål kommune kan gje råd om andre finansieringsordningar/støtteordningar til arrangementa.

Leiing - delegering - avgjerdsmynde.

Rådmannen avgjer søknader med søknadssum inntil kr 70 000.

Større søknader blir avgjort av næringsstyret.

Ål arrangementsforum får kr 30 000 i tilskot under føresetnad av at medlemmene av forumet betaler inn tilsvarende sum og at forumet er aktivt.

5. Felles retningslinjer

Kommunestyret bestemmer kvart år i samband med budsjettarbeidet kor mykje som skal nyttast som tilskot til næringsverksemd.

Næringsstyret består av 2 politikarar og 3 representantar frå næringslivet. Eit mindretal på 2 kan anke avgjersler i næringsstyret inn for formannskapet. Næringsutviklaren er sekretær og sakshandsamar i alle tilskotssaker.

Utbetaling av tilskot

- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med søknaden.
- Fyrste halvpart av tilskotet kan bli utbetalt etter vedtak. Siste halvpart av tilskotet blir utbetalt når prosjektet er fullført og kostnadane dokumenterte. Rådmannen/sakshandsamar tek stilling til kva dokumentasjon som skal godkjennast i kvart tilfelle før siste utbetaling.
- Løyvd tilskot som ikkje blir nytta innan 3 år blir ført attende til næringsfondet.

Misleghald

Ål kommune kan krevja at utbetalt tilskot blir betalt attende heilt eller delvis dersom tilskotsprosjektet blir overdrege til andre, flytta, nedlagt eller på annan måte vesentleg endra, slik at det opphavlege grunnlaget for tilskot fell bort. Slik attendebetaling kan skje inntil 3 år etter at tilskotet er gitt.

Ubrukte midlar

Kommunestyret avgjer om ubrukte midlar eit år skal tilleggast urørleg grunnkapital – eller overførast til neste års tilskotsdel av næringsfondet.

Klage

Det er mogleg å klage på vedtak gjort av rådmannen eller næringsstyret. Klagefristen er 3 veker frå tidspunktet søkjaren mottar meldinga om vedtaket. Søkjaren må fremje klagen skriftleg, vise til vedtaket det blir klaga over og grunngje klagen. Klagen blir fremja for organet som har fatta vedtaket. Dersom vedtaket blir halde ved lag, skal klagen sendast klageorganet (formannskapet) for vidare handsaming.

Ål 21.05.2021

Solveig Vestenfor
Ordfører

Desse retningslinjene er vedtekne av Ål kommunestyre i møte 17.06.2021.